

Hjortejegerane på Haugland snart i mål

20.09.2007



Haugland-jegerane slaktar dei første fem hjortane. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Saka om tildeling av fellingsløyver til Haugland hjortevald er no sendt miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen til endeleg avgjerd, men det er liten grunn til å tru at Fylkesmannen kjem til nokon annan konklusjon enn kommunen.

Forvaltningskomiteen avviste klaga frå valdet over ein reduksjonen frå 17 til 14 dyr, men auka talet til 15. Jaktlaget er godt på tur til å fylle kvota.

Allereie første dagen felte karane fem dyr og no har dei felt rundt 10.

- Men eg har ikkje vore med og jakta i det siste og kjenner ikkje det heilt eksakte talet, opplyser Kåre Vettrhus til uskedalen.no.

Jaktlaget såg innpå 50 hjortar første dagen og hevdar at kvota kunne vore på 23-24 dyr utan at det hadde hatt nokon uheldig innverknad på stamma.

- Eg kan sjølv sagt sjå problemet med den store stamma, men dei burde ha danna eit storvald i Uskedalen slik at det hadde vore mogeleg å flytta løyver og fella ein større del av tildelt kvote på dei mest pressa områda. Men no er det jo for seint å gjera noko med dette i år, seier saksbehandlar Terje Natland i kommunen.

- Eit samarbeid med nabovald ville i dagens situasjon kunne løyst ut inntil 17 ekstra løyver, skreiv han i saka for forvaltningskomiteen.

Haugland-klaga vart avvist fordi fordi kommunen ikkje kan dispensere meir enn 50 prosent frå minstearealet på 600 dekar. I dette tilfellet vil det seia at det ligg 300 dekar bak kvart fellingsløyve.

Politikarane i forvaltningskomiteen var sterkt opptekne av at det blir gjort noko effektivt for å justere ned hjortestamma i Norges største hjortekommune og dei ynskte at det vert utarbeida nye forskrifter som er betre tilpassa den aktuelle situasjon.

Av Ola Matti Mathisen